

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tirsdag 20. april 2021 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Stord Kyrkje
Opning:	Dag

Innkalla: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland

Forfall: Dag Kjetil Lægreid (1. vara)

SAKLISTE

2021/23- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

2021/24- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen

2021/25- 317 Takkoffer hausten 2021

vedl 1

AU legg fram to alternative forslag i møte, med vekt på ulik fordeling:

1. Føremål/fordeling i tråd med budsjett for 2021
2. Med omfordeling der misjonsprosjekt og eige arbeid blir prioritert over eksterne føremål.

Vedtak: Alternativ 2, vedteke med dei endringar som kom fram i møtet.

Samrøystes.

(Vedteke oversikt vedlagd)

2021/26- 012 Møteplan hausten 2021

AU har følgande forslag til møteplan for hausten 2021:

Soknerådsmøte / -samlingar:

laurdag 21.august (ca kl 10-14): felles samling for begge sokneråd, tema: Ny kyrkjeordning, (høringsfrist 30.september)

torsdag 16. september 19.00-21.00 (Hovudtema: Ny kyrkjeordning, høyringsuttale)

tysdag 19. oktober 19.-21.00 (Hovudtema: Trusopplæring)

onsdag 10. november 19.-21.00

tysdag 07. desember 19.-21.00

Arbeidsutvalet har følgjande møte:

31. aug (tysdag), kl 16.00-17.30, **5. okt** (tysdag), kl 16.00-17.30, **26.okt** (tysdag), kl 16.00-17.30, **30.nov** (tysdag), kl 16.00-17.30

Vedtak: Møteplanen vart vedteken som framlagd. Samrøystes.

2021/27- 217 Frivillig teneste i kyrkja, drøfting

Soknerådet sine representantar i arbeidsgruppa med temaet frivillig teneste i kyrkja presenterer ein undervegs-rapport frå arbeidet og innleiar til ei drøfting rundt temaet.

Vedtak:

Soknerådet er glade for arbeidet som arbeidsgruppa gjer og signala som kjem i denne undervegsrapporten. Aktuelle innspel og moment frå samtalen:

- Glade for fokuset på å heidra kvarandre og at alle bidrag blir like verdsett.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Viktig å tilpassa oppgåvene etter kor mykje den enkelte ønskjer å bidra med.
- Støtte til arbeidet med «Use your talents» og «Asset mapping»
- Systematisk og generell oppfølging av frivillige er også eit ønskja resultat av arbeidet
- Tilknytning og samarbeid med anna lokal frivillighet er viktig, både innan diakoni og elles
- Frivillige tiltak som kjem både «nedanfrå» og organisert «sentralt»

Konkrete innspel til dei to spørsmåla som er stilt i slutten av rapporten:

1. Terminologi: Soknerådet ønsker at omgrepet «frivillig» blir nytta.
2. Fokusområda: Soknerådet støttar dei fokusområda som er valt.

2021/28- 354 Konsert Ingebjørg Bratland 12. november.

Soknerådet er kontakta av Falturiltu med spørsmål om å samarbeida om ein konsert.

Kyrkjelivsutvalet ynskjer å gjennomføra konserten, men bed soknerådet om godkjenning til å stille ein underskotsgaranti på inntil 15 000,-

Frå brev frå Roald Kaldestad: Me i Falturiltu lurar på om soknerådet kunne tenkja seg å samarbeide om konsert med Ingebjørg Bratland, i Stord kyrkje, fredag 12. november. Det er ein del utgifter, men ikkje så risikabelt om me deler på det. Sjekk følgande overslag:

Kostnader (med reise, TONO, teknisk rider og Hospitality rider) er rundt 36.000,-. Med billettpris på 490,- så går me i null på 280 billetter. Sel me 350 billetter (er det maks i kyrkja?) vil det vera eit overskot på 35.000,-

Referatført saksinformasjon frå behandlinga i møtet:

Det vart påpeika feil/inkonsistens i informasjonen knytt til kostnadane eller rekneeksempel for dekning av kostnadane.

Forslag om utsetjing av saka fall mot to røyster.

Vedtak: Soknerådet godkjenner underskotsgaranti på inntil kr 15.000,-.

Det må avtalast ein kanselleringsmoglegheit om koronarestriksjonane framleis gjeld. Samrøystes.

Kirsti følgjer opp saka med Falturiltu for å avklare uklarheita i kostnadsbiletet og ser om konserten kan gjennomførast innanfor ramma soknerådet vedtok.

• **Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:**

1. Ny kyrkjeordning. Informasjon om sak til behandling i august-september 2021.
2. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag
 - a. Ny kyrkjelydspedagog tilsett frå 1.august: Ingvild Baugstø Almås

• **Skriv, referat og meldingar**

1. Økonomirapport for soknet pr 30.mars 2021
2. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 6. april
3. Referat frå kyrkjelivsutval + forslag til arbeidsprogram, 12.april
4. Møtebok, Nysæter sokneråd 24. mars

Tidligere utsendte referat/skriv (utsendt på mail 22.mars):

5. Årsmelding for Nysæter sokn 2020
6. Referat frå kyrkjelivsutval 4.feb
7. Referat frå diakoniutval, 9.mar
8. Referat frå gudstenesteutval, 9.mar

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
nestleiar og referent
sign

Dato	Info
Søndag 04.07.21 kl.11:00	
Søndag 18.07.21 kl.11:00	
Søndag 01.08.21 kl.11:00	
Søndag 15.08.21 kl.11:00	
Søndag 29.08.21 kl.11:00	Semesterstart gudstj i parken?
Søndag 05.09.21 kl.11:00	
Laurdag 11.09.21	Konfirmasjon
Søndag 12.09.21 kl.11:00	Konfirmasjon
Søndag 19.09.21 kl.11:00	Haustattakkefest T6
Laurdag 25.09.2021	Konfirmasjon
Søndag 26.09.21 kl.11:00; 13:00	Konfirmasjon
Søndag 03.10.21 kl.11:00	
Søndag 17.10.21 kl.11:00	Fellesgudstj.
Søndag 24.10.21 kl.11:00	T4 TV-aksjon
Søndag 31.10.21 kl.11:00	BOB
Søndag 07.11.21 kl.11:00	Helgemesse
Søndag 14.11.21 kl.11:00	
Søndag 21.11.21 kl.11:00	T11
Søndag 28.11.21 kl.11:00	Lysmesse
Søndag 05.12.21 kl.11:00	
Søndag 12.12.21 kl.11:00	Fam.gudstj, juleverkstad
Søndag 19.12.21 kl.11:00	
Torsdag 24.12.21 kl.13.30; 1445; 16.00	Julaften
Fredag 25.12.21 kl.12:00	1.juledag
Laurdag 26.12.21 kl.11.00	Minnegudstj.
Torsdag 31.12.20 kl. 23.15	Ungdomsgudstj.

Takkoffer føremål	
Stord	Huglo
Kyrkjestova	
Misjonsprosjektet	Misjonsprosjektet
Kyrkjelydsarbeidet	
Misjonsprosjektet	Misjonsprosjektet
Misjonsprosjektet	
Kirkens Bymisjon	
Kyrkjelydsarbeidet (Kyrkjebladet Spira)	
Kyrkjelydsarbeidet (Kyrkjebladet Spira)	
Barne- og ungdomsarbeid	Barne- og ungdomsarbeid
Kyrkjelydsarbeidet (Kyrkjebladet Spira)	
Kyrkjelydsarbeidet (Kyrkjebladet Spira)	
Misjonsprosjektet	
Kyrkjestova	
TV-aksjon	TV-aksjon
Misjonsprosjektet	
Kyrkjelydsarbeidet	
NKSS (Laget)	
Barne- og ungdomsarbeid	Barne- og ungdomsarbeid
Kyrkjelydsarbeidet	
Kyrkjemusikalsk arbeid	
Barne- og ungdomsarbeid	
Kyrkjelydsarbeidet	
Kirkens Nødhjelp	Kirkens Nødhjelp
Misjonsprosjektet	
Misjonsprosjektet	
Misjonsprosjektet	